



Ove Sæbø  
Osterfjordvegen 531 A  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar: Ref.:JZNBZJ-  
Skjemanr.:5367  
Vår: 21/5785 - 21/56794

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
29.08.2021

## **Førebels svar på krav om endring av bygningstype i matrikkelen - gbnr 194/43 Mundal nedre**

Alver kommune viser til din førespurnad om endring av bygningsopplysningar i matrikkelen for bustad på gbnr 194/43 Mundal nedre. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Bustaden er registrert i matrikkelen som einebustad m/hybel/sokkelleilighet, dvs. bygningskode 112. Det går fram av godkjende teikningar av bustaden at det ikkje er tilgang mellom husværa. Du skriv at de no brukar heile bustaden sjølv og ber derfor om at bustaden vert registrert som einebustad med kode 111.

Samanføring av brukseiningar er eit søknadspiktig tiltak etter plan- og bygningslova. Søknaden skal dokumenterast i samsvar med krav i plan- og bygningslova med forskrifter og krev bruk av ansvarlege føretak. Det må sendast inn teikningar som viser både eksisterande og ny planløsning. Endringar bør merkast tydeleg. Der samanslåinga ikkje utløyser bygningsmessige arbeid, eller der det bygningsmessige arbeidet som skal utførast er lite teknisk komplisert, vil vi kunne vurdere å gje fritak frå kravet om ansvarsrett, jf. plan- og bygningslova § 23-1. Innsetting av dør mellom husværa vil kunne vera døme på eit slikt tiltak. For større arbeid på eigen bustad opnar regelverket for at heimelshavar kan søkja om ansvarsrett som sjølvbygger.

Vedlagt følgjer godkjende teikningar over bygget og søknadsskjema som du kan nytta. Dersom tiltaket berre medfører innvendig arbeid og mindre fasadeendring vurderer vi at nabovarsel kan unnlatast.

Saka vert tatt til behandling når søknad ligg føre. Når løyve til samanføring er gitt vert matrikkelen endra.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om tillatelse til tiltak  
Opplysninger om tiltakets ytre rammer  
Godkjende teikningar gbnr 194-43

**Mottakarar:**

Ove Sæbø

Osterfjordvegen 531 A

5915

HJELMÅS